



Advokatfirmaet Riisa & Co Ans
Postboks 3119 Elisenberg
0207 OSLO

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/6260 - 23/41415

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
20.06.2023

Førehandsvarsel på brot på konsesjonsvilkår på gbnr. 219/1 Vike i Alver kommune

01.03.2022 fekk du konsesjon for overtaking av gnr. 219, bnr. 1 Vike i Alver. Konsesjon vart gjeve av Statsforvaltaren i Vestland etter klagehandsaming.

Fylgjande vilkår vart sett:

«Det er eit vilkår for konsesjon at dei delane av eigedomen som er avsett til landbruks- natur og friluftsføremål i arealdelen til kommuneplanen, vert selt til eigar av gnr. 219, bnr. 2 som tilleggsjord til hans eigedom. Rettar i felles utmark samt andre landbrukstilknytte rettar og plikter som ligg til bnr. 1, skal følgje med i overdraginga, som skal skje på slike vilkår og til prisar som kan godtakast av konsesjonsstyresmaktene».

Skøyte skal vere eigar av gnr. 219, bnr. 2 i hende seinast 01.03.2023.

Vedtaket kunne ikkje klagast på.

Både kommunen og Statsforvaltaren har eit ansvar for å fylgje opp at vilkår sett i konsesjon vert halde jf. konsesjonslova § 17.

Det er no gått snart 4 månader sidan fristen for å oppfylle vilkåra gjekk ut. Kommunen har ikkje motteke søknad om frådeling som er naudsynt for å oppfylle vilkåra som vart sett i konsesjonen av 01.03.2022.

Vert fastsett konsesjonsvilkår av vesentleg betydning brote, skal kommunen vurdere om det er grunnlag for å trekkje konsesjonen attende etter konsesjonslova § 16.

Vi torer be om ei attendemelding innan 01.08.23 på når og korleis de har tenkt å oppfylle vilkåra som vart sett i nemnte konsesjon.

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge

Svein Arne Vågane

Avdelingsleiar

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland

Mottakarar:

Advokatfirmaet Riisa & Co Ans
Søren Helligsøe

Postboks 3119 Elisenberg 0207 OSLO
Indre Steinsvik 31 5237 RÅDAL